



Det er fint med faste tradisjonar og søndag ettermiddag klokka 16 kjem turen til ein av dei: Den årlege og tradisjonelle huskonserten til skulemusikken i Aktivitetshuset.

I fjor var det 120 på plass i salen då det populære korpset spela opp. Det er ikkje lett å finna ei klarare understreking av at bygda sluttar opp om korpset.

Etter konserten var det servering frå eit overdådig dessert- og kakebord, og slik blir det også i år. Inngangsbilletten er også ei hyggjeleg oppleving - han kostar berre 25 kroner eller 50 kroner for ein familie.

Dette vil sikkert bli ei koseleg sundagsstund. Biletet over vart teke under huskonserten i fjor.

(Foto: Ola Matti Mathisen)